

Songkveld og basar må flyttast**01.05.2013**

På grunn av anna som skjer i Helgheim må arrangementet til Røysterrett for alle flyttast til Kvinnherad Vekstbedrift (tidlegare AFA) opplysar leiar Haldor Tveit. Det vil ta til klokka 19,30 torsdag. Det er basar med fine gevinstar og vertskapet syng sjølvst. Det gjer og gjestane Rosendal Songlag og 2 kulturskule-elevar.

Rosendalkoret er forresten midt i opptreninga foran turen til Riga og vil presentera noko av repertoaret dei har på programmet til denne turen. Uoppslitelege Maria Malmsten er dirigent for dei 2 kora og har alltid noko overraskande på lager...